

ÅRSMELDING 2006 - KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE.

Styret i Keipen turlag har i 2006 vore samansett slik: Leirar Ottar Dahl, nestleiar Gisle Skjølberg, sekretær Sissel Sandvik Igland, kasserer Bjørg D. Lofnes, styremedlem Leo Cirotzki, styremedlem Anette Igland, styremedlem Olga Årsnes, vara til styret Dagrunn Briksdal

Keipen Turlag har i 2006 hatt 2 styremøter + årsmøtet.

Pr. årsmøtedato har turlaget 71 medlemmar.

AKTIVITET:

Det var planlagt 13 søndagsturar og 29 onsdagsturar. Skiturane vart avlyste, snøen var ikkje her når vi skulle gå på ski. Det har som vanleg vore opp og ned med deltaking på turane, talet på deltakarar har variert frå 25 til 2. Største aktiviteten har vi hatt på FJELLTRIMMEN. For Svelgenområdet var dette nytt i år og på dei 8 postane som har vore lagt ut er det tilsaman registrert 4160 besøk. Ytre del av Bremanger har Fjelltrimmen i samarbeid med BIL. Opptelling der er ikkje ferdig endå, mange bøker ligg fortsatt ute, men foreløpig opptelling viser besøkstall på 5000-6000 personar.

I Svelgenområdet har det i mange år vore turorientering. STIF har tidlegare drive det, men frå i år av har turlaget overteke denne aktiviteten. Viser til eiga årsmelding frå styremedlem Leo Cirotzki, som har teke seg av jobben med turorienteringa.

DUGNAD.

Det har i 2006 vore utført dugnadsarbeid med oppattmerking og rydding av turstien Sande-Vingesetra, turstien til Gulebrystet, turstien til Husefjellet, turstien Dolsen-Hjelmevatn, turstien Amsterdam-Toppen, turstien Ivervatn-Løkkevatn og turstien Sande-Svelsvatn-Ulvestegane. Vidare er det gjort oppattmerking og reparasjon av T-merka sti på rua til Keipen. På Moldahytta er vindu blitt malte, eit er bytta ut og der er også sett opp nye kleddingsbord. Hytta er også blitt beisa. Tilsaman er det blitt utført 325 dugnadstimar.

REPRESENTASJON:

Fellesmøte: Fellesmøte var i Luster i november 2005. Der møtte Olga Årsnes og Oddmund Leirvik. Årsmøte var på Skei i Jølster i januar og der møtte Gisle Skjølberg og Ottar Dahl. Det har vore forespørsel om turlaget si historie i kortversjon til Fylkesleksikonet. Oddmund Leirvik, Olga Årsnes og Tor Zachariassen har teke seg av dette arbeidet og sendt det inn.

ANNA:

Keipen turlag har ynskjer og planer om ein tursti over Rugsundøya. Alle grunneigarar er kontakta skriftleg om dette og 02.11. var det møte på Kolset Oppvekstsenter. Det var eit positivt møte mellom turlaget og grunneigarane. Traseen for stien er no planlagt og merking og rydding kjem i gong så snart som muleg.

Barnas Turlag:

Det har vore arbeidd med å skipe Barnas turlag i kommunen. DNT støttar oppstart av Barnas turlag med kr.5000,- pr lag og eit Barnas turlag i Kjelkenes/Svelgen området er under skiping og har fått utbetalt støtte til oppstart. Håper på at andre deler av kommunen også får dette igong.

Keipen Turlag – Bremanger kommune

08.11.06 Ottar Dahl – leiar Sissel Sandvik Igland – sekretær-